



ÅL KOMMUNE

Torget 1

3570 ÅL

Saksbehandler, innvalgstelefon

Irene Tronrud,

Tilbakemelding på egenkontrollrapport for avløpssektoren for rapporteringsåret 2024 - Sundre avløpsanlegg - Ål kommune

Ål kommune har ikkje avvik frå krav i løyvet i rapporteringsåret 2024.

Vi tek egenkontrollrapporten og årsrapporten til etterretning.

Kommunen skal betale eit gebyr på 5 200 kroner for vårt arbeid med egenkontrollrapporten. Miljødirektoratet vil ettersende faktura.

Rapporteringsskjema for 2025 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2026.

Vi viser til egenkontrollrapport og årsrapport for Ål kommune sitt avløpsnett og Sundre avløpsreinseanlegg.

Avløpsnett til Sundre avløpsreinseanlegg

Ål kommune har rapportert at avløpsnettet til Sundre avløpsreinseanlegg har 16 installerte nødoverløp og ingen installerte regnvatnoverløp. De har berekna at 5 184 m³ ureinsa avløpsvatn og 10,4 kg fosfor vart sloppe ut i Hallingdalselva ved overløp på avløpsnettet i 2024. Dette er ein reduksjon samanlikna med fjoråret, då de rapporterte at 13 245 m³ ureinsa avløpsvatn og 19,9 kg fosfor vart sloppe ut ved overløp på avløpsnettet. Til samanlikning slapp Sundre avløpsreinseanlegg ut 62 kg fosfor via reinsa avløpsvatn i 2024.

Ål kommune rapporterer at det er 2 795 innbyggjarar og 122 fritidsbustader tilknytt avløpsnettet i 2024. Dette er ei lita auke i talet innbyggjarar samanlikna med det som vart rapportert i 2023, medan talet fritidsbustader er likt.

Sundre avløpsreinseanlegg

Det er for 2024 rapportert at Sundre avløpsreinseanlegg har motteke og behandla 361 426 m³



avløpsvatn og at de ikkje har hatt overløp ved avløpsreinseanlegget. Det er rapportert om mindre avløpsvatn inn til reinseanlegget i 2024 enn det som vart rapportert i 2023, nedgangen er på 39 %.

Anlegget klarer reinsekravet for fosfor på 93 %, med ei reinseffekt på 95,99 % i 2024. Kommunen overheld også kravet i løyvet om maksimalt utslepp av 298 kg fosfor frå Sundre avløpsanlegg. Berekna utslepp av fosfor frå Sundre avløpsreinseanlegg i 2024 er 62 kg (i tillegg kjem 10,4 kg sloppe ut via overløp på avløpsnettet).

Anlegget oppfyller vidare kravet til sekundærreinsing. Alle verdiane for BOF og KOF oppfyller både konsentrasjonskravet og prosentkravet, bortsett frå ei prøve for KOF den 22.10.2024. Denne prøva oppfylte berre konsentrasjonskravet.

Anlegget er dimensjonert til å kunne ta imot 10 500 pe (BOF5). De har rapportert at den målte maksukebelastninga i 2024 var 4 237 pe (BOF5). Etter vår utrekning er maksukebelastninga for BOF5, når vi ser på enkeltprøve i maksveke 29.03.2024, på 5 393 pe (BOF5). Dette er godt under anlegget si dimensjonerande kapasitet. Kommunen rapporterer at tal for maksveka tilsvare 40 % av anlegget si kapasitet. Ål kommune merkar vidare at anlegget har fungert bra i 2024, men at innlekking av overvatn skapar problem i periodar.

Tilbakemelding på resipientovervakingsrapport

Statsforvaltaren viser til e-post frå Rambøll v/Embla Østebrøt datert 10.02.2025, med vedlagt årsrapport for 2024 for resipientovervaking i Hallingdalselva ved Sundre reinseanlegg i Ål kommune.

Rapporten stadfestar at det i 2024 vart gjennomført totalt seks prøvetakingar av resipient. Rapporten beskriv vidare at det er gjennomført ytterlegare tre prøvetakingar av berre E. coli. Resultata er lagt inn i Vannmiljø. Metodar og resultat blir presentert på ein oversiktleg måte, og det er gjort vurderingar av tilstand og påverknad. Det er også gjort ei samanlikning med data frå tidlegare år.

Det vart i 2023 gjennomført prøvetaking av begroingsalgar, og i tråd med pålegget om overvaking skal det ikkje takast nye prøver før i 2026.

Vi tek årsrapporten for resipientovervaking av Hallingdalselva ved Sundre reinseanlegg til orientering.

Konklusjon

Ål kommune har rapportert utfyllande for 2024, og har ikkje avvik frå krava i løyvet i rapporteringsåret.

Vi tek med dette eigenkontrollrapporten og årsrapporten for 2024 til etterretning.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:

<https://www.miljodirektoratet.no/skjema/avlop-rapportering/>



Rapporteringskjema for 2025 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2026. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvalteren skal leggjast som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering heiter «Avløp – årlig rapportering» og finst i vårt skjemabibliotek:

[Skjema og tjenester | Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus](#)

Eigenkontrollrapportens data om årlege utslepp for avløpsreinseanlegg vil bli lagt ut på nettstaden Norske Utslepp i juni 2025. Se <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsanlegg/?SectorID=100>

Gebyr for saksbehandlinga

Vi gjer merksam på at det vil bli kravd 5 200 kroner i gebyr for saksbehandling av eigenkontrollrapporten, med heimel i forureiningsforskrifta § 39-5 *Gebyr for arbeid med eigenkontrollrapporter*, som vart tatt inn i forskrifta i 2023. Gebyret er på 5 200 kroner per eigenkontrollrapport.

Miljødirektoratet ettersender faktura.

Med helsing

Hilde Sundt Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernavdelinga

Irene Tronrud
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent